Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Tilleggsspørsmålnr. til nr. 7

Emne: Skav

Oppskr. av: Reidar Rogto

(adresse): Berkåker st.

Fylke: Hordaland

Herad: Ullensvang

Bygdelag: Sørfjorden

Gard: Rogto

G.nr. 62 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. At krøterhandlarane betalte meir for kyr som hadde fått skav om vinteren enn kyr som ikkje hadde fått, har me ikkje høyrt noko om.

2. Det var ikkje vanleg røynsle at kyr som fekk mykje skav til for fekk svart kjøt.

3. Det var heller ikkje røynsle at mjølk frå kyr som hadde fått skav var farleg for kalvar eller små-grisen.

4. Heller ikkje kan me seia noko visst om kor mykje dei skulle eller burde skava kvart år. Me kjenner ikkje til slike reglar som dei frå Vestlandet frå vår bygd.

5. Nokon slik skavl (skjevel), kjenner me ikkje frå vår bygd. Der bruka dei ein laudakniv til stokkar og slire kjeppar. Det er same slag kniv som den dei bruka til å laga tunnebånd med.




9017

Til mindre kjeppar bruka dei ein Ljå. Der dei heldt med nedan vatt dei på nokre filler. Når dei skov, sette dei ljåen mot kneet og drog kjeppen mot seg.

6. Det at dei hadde ein stolpe som rakk frå golvet og opp under beten til å stø skavljåen mot, har me ikkje høyrt noko om frå vår bygd.

7. Det er ikkje kjent frå vår bygd at nokon kjøpte eller leigde skavskog. Dei som skov hadde som regel nok skog sjølve.

8. I Ullensvang har ein ikkje høyrt gjete sameigeskog eller ålmenningar. I Hardanger hende det at ein åtte skavskogen i annan manns skog - især ask og alm. Ved utskifting miste eigaren denne skogen, men han fekk alltid noko i vederlag - anten skog ein annan plass - ein mirett eller noko anna.

10. Husmennene hadde ikkje nokon rett til å ta skav i skogen til husbonden sin, men oftast fekk dei lov til å ta skog til skaving.

11. Ordet skavhella kjenner me ikkje frå bygda vår.

12. Det var ikkje noko tru om at gardvoren - tuftekallen - go-bonden, kunne setja skadet på skav-veden att dersom ein hadde slurva med skavinga.

9017

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING